
Fra: Internpost Bergen og omland <internpost.bergen@mattilsynet.no>
Sendt: torsdag 22. november 2018 14:57
Til: Postmottak Radøy
Emne: Uttale frå Mattilsynet til plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - Revisjon - Kunngjering 1 gang høyring og ettersyn - Instansar

Til

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger
Sendt pr e-post til: postmottak@radoy.kommune.no

Mattilsynet sitt saksnr: 2018/261511

Dykkar referanse 14/276 - 18/16265

Uttale frå Mattilsynet til plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - Revisjon - Kunngjering 1 gang høyring og ettersyn - Instansar

Radøy kommune sende 20.11.2018 brev til Mattilsynet som offentleg høyringsorgan for delrevisjon 2018 av kommuneplan for Radøy kommune.

Tema for delrevisjonen er:

- Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde eigedomar i LNF, kulturminne og havområde, samt korrektur mot plankart.
- Strandsone, byggegrense mot sjø, arealføremål i sjø og havområda
- Heilårsbustader på frådelt eigedomar i LNF-område

Kommuneplanen sin arealdel består av kart, føresegner og planskildring som vi fann under høyringar og kunngjeringar på kommunen si heimeside.

I føresegner (framlegg til høyring og offentleg ettersyn 24.10.18) har vi særleg vurdert dette, sitat:

2.12 Krav til handsaming av massar (pbl. § 11-9 nr 6)

I ubygd byggeområde skal det utarbeidast plan for handsaming av massar.

Planen skal vise både disponering av stadeigne massar, deponering av overskotsmasse, gjenbruk av matjord og trong for tilkøyrd massar.

Det skal vere eit mål å oppnå massebalanse i området. Planen skal liggje ved søknad om løyve til tiltak.

Mellombels deponering av massar, inn til to månader, kan berre skje i område med arealføremål busetnad og anlegg, og samferdsel og teknisk infrastruktur.

Mellombels deponering av massar kan likevel ikkje skje i omsynsone, i strandsone eller i område der eksisterande vegetasjon etter planen skal takast vare på.

2.3.4 Vatn og avlaup

I område med krav til utarbeiding av reguleringsplan skal det samstundes med innsending av planforslag leggast fram VA-rammeplan som godkjennast av kommunal VA-styresmakt. VA-rammeplanen skal vise løysing og kapasitet for sløkkjevatn.

Ved tiltak på eksisterande bygningen skal bygningen ha avlaupsanlegg i tråd med gjeldande regelverk der det er rimeleg og sakleg samanheng mellom tiltaket og kravet til avlaupsanlegg.

2.4 Rekkjefølgjekrav (pbl. § 11-9 nr 4)

Nye bustadområde skal der det er mogleg planleggjast slik at dei vert knytt saman med eksisterande bustadområde.

Det skal planleggjast for heilskaplege løysingar for vegar, gang- og sykkelvegar, VA-anlegg og handtering av overvatn.

Godkjent VA-rammeplan skal liggje føre før det vert gjeve løyve til tiltak i regulert område.

Plan for handsaming av massar skal liggje føre før det vert gjeve løyve til tiltak.

På eigedomar der kommunalt leidningsnett for vatn og avløp eller straumnett kryssar eigedomen skal leidningsnettet vere sikra lagt om før det vert gjeve løyve til igangsetting av tiltak.

Felles vatn-, avlaup- og overvassanlegg skal vere ferdigstilt i samsvar med arealplan, rammeplan, løyve til tiltak og løyve frå sektorstyresmakt før det vert gjeve ferdigattest/bruksløyve til bygning.

3.5.4 Akvakultur (AK)

Føremålet AK er område i sjø for akvakulturanlegg.

Akvakulturområdet på Flone (AK-Skjell) er område i sjø for akvakultur knytt til kamskjellfangst.

3.5.5 Drikkevatn

Føremålet er område for drikkevasskjelde. Ulvatn er hovudvasskjelde for Radøy kommune.

Dei andre føremåla er reservevasskjeldar for Radøy kommune. Det kan ikkje etablerast tiltak eller bruk innafor området som er i konflikt med omsynet til drikkevatnet. Innafor nedslagsfelt for drikkevatn kan det ikkje førast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Innafor område for reservevasskjelde i Hallandsvatnet er det eksisterande sjøflylandingsplass.

4 Føresegner og retningsliner til omsynsoner (pbl. § 11- 8)

4.1 Føresegner til sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatn (H110)

Sone H110 er nedslagsfelt for drikkevatn og reservevasskjede. Innafor sikringssona kan det ikkje førast opp nye bygningar eller utviding/ending av bruk av eksisterande bygningar.

Innafor sikringssona for Ulvatn gjeld det restriksjonar på landbruksdrift, utslepp, motorferdsle og fiske, jf. klausuleringsdom frå Nordhordland skjønnsrett frå 1972.

Klausuleringsdommen skal leggjast til grunn for tiltak og arealbruk innafor sona.

Uttale frå Mattilsynet:

Generelt:

Føresegnene har krav som vi meiner må stillast for drikkevatn, akvakultur og handsaming av massar.

Drikkevatn:

Radøy har i dag ikkje enno ei god løysing for reserve drikkevassforsyning som er eit krav i drikkevannsforskriften..

Under tilsyn hos Radøy kommune den 31.10.2018 vart reservevassforsyning drøfta.

Mattilsynet fekk då opplyst hjå Einar Færø at det fins munnleg avtale med Lindås kommune, om at det vil bli eit påkoplingspunkt til Lindås kommune sitt ledningsnett ved Remme (Austmarka-Storsandvik).

På plankartet finn vi 5 drikkevasskjelder med sikringssone H110:

- Noverande **Ulvatn** (Ølvatn) hovud drikkevasskjelde

- Framtidig reserve drikkevasskjelde **Storevatnet** (søraust på Toska)
- Framtidig reserve drikkevasskjelde **Litlavatnet** (like aust for Ulvatn)
- Framtidig reserve drikkevasskjelde **Farevatnet** (mellom Listveiten og Nordanger)
- Framtidig reserve drikkevasskjelde i den søre delen av nordre del av **Hallandsvatn** (nord for Solendvegen).

Plankartet har fargekodar som er vanskelege å finna ut av.

Kva som er *noverande reserve* drikkevasskjeldene og kva som er *framtidige reserve* drikkevasskjelder?

Blåfargane er svært like her.

Mattilsynet er ikkje kjent med Radøy kommune sine vurderingar bak val av reserve drikkevasskjelder. Er dette råvasskjelder som er vurdert grundig og funne eigna til drikkevatt?

Akvakultur:

Internettsida www.barentswatch.no har oppdatert kartfesta oversyn over lokalitetar med akvakultur for matfisk i Radøy kommune.

Pr. 22.11.2018 er 8 lokalitetar for akvakultur registrerte i barentswatch i Radøy kommune:

- Jibbersholmane lokalitet 11665
- Bøøy lokalitet 11754
- Otterholmen lokalitet 11738
- Toska N lokalitet 31497
- Toska S lokalitet 14018
- Bognøy lokalitet 13209
- Stolane lokalitet 11649
- Grasholmen lokalitet 11690

Sør for Grasholmen ligg Ramsvik lokalitet 11687 i Lindås kommune

Nord for Jibbersholmane ligg Allesholmen lokalitet 11756 i Austrheim kommune

På plankartet har Radøy kommune lagt inn eit nytt område for akvakultur på kartet nedafor Jonsokhaugen i sjøen rett vest for Nesvatnet.

Lokalitetane Otterholmen lokalitet 11738 og Grasholmen lokalitet 11690 finn vi ikkje på plankartet til Radøy kommune.

Mattilsynet kjenner ikkje til at det er planlagt å fjerna desse lokalitetane.

Har Radøy kommune eit reelt ønske om dette eller manglar dei berre på plankartet?

Bergen, 22. november 2018

Med venleg helsing

Odd Tøsdal, seniorinspektør, veterinær

Mattilsynet, Region sør og vest, avdeling Bergen og omland

Telefon: 22 40 00 00

Felles postadresse: Mattilsynet, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal
postmottak@mattilsynet.no

www.mattilsynet.no

www.matportalen.no